



# FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Kåre Træen  
Telefon: 57643004  
E-post: fmsfkr@fylkesmannen.no

Vår dato  
03.02.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/4737 - 331.1  
Dykkar referanse

Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Pb 8112 Dep  
0032 OSLO

## Bremanger kommune – søknad om tre år lenger tid til å dekkje inn underskot

### Bakgrunn

Etter Terra-saka fekk Bremanger kommune godkjent ein plan på 10 år for å dekkje inn eit akkumulert underskot, som var 230,4 mill. kroner i 2008. Det betyr at underskot skal vere dekt innan 2018. Kommunen søkjer no om tre år ekstra til inndecking av underskotet, det betyr innan 2021.

Det er kommunelova § 48 nr. 4 som regulerer kor lang tid kommunar kan bruke til å dekkje inn eit underskot. Normalt skal eit underskot vere dekt innan to år, men under særlege tilhøve kan kommunen få ytterlegare to år. I tilfelle der dei samfunnsmessige og økonomiske konsekvensar av at kommunen må dekkje eit underskot innan fire år blir uvanleg store, kan departementet godkjenne vedtak om at underskotet kan bli dekt over meir enn fire år. Underskot kan likevel ikkje dekkast over meir enn ti år. Det siste (10 år) vart gjort gjennom ei lovending etter Terra-saka i 2008.

### Saksutgreiing

Budsjettert og gjennomført inndecking av underskot (mill. kroner):

|             | 2008  | 2009 | 2010  | 2011  | 2012  | 2013  | 2014  | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|-------------|-------|------|-------|-------|-------|-------|-------|------|------|------|------|------|------|------|
| budsjettert |       | 7,7  | 20,2  | 28,1  | 20,4  | 25    | 25,1  | 77,4 | 21   | 14,5 | 14,3 | 13,8 |      |      |
| inndecking  |       | 24,4 | 23,8  | 3     | 8,5   | 25,1  | -25   |      |      |      |      |      |      |      |
| akkumulert  | 230,4 | 206  | 182,2 | 179,2 | 170,7 | 145,6 | 170,6 | 93,2 | 72,2 | 57,7 | 43,4 | 29,6 |      |      |

I perioden 2009 – 2011 fekk kommunen 36,5 mill. kroner i ekstraordinære skjønnsmidlar til inndecking av underskot.

Pr. 31.12.2014 var akkumulert underskot 170,6 mill. kroner. Etter økonomirapport 1/2015 (tertialrapport 2) er prognose for inndecking av akkumulert underskot 77,4 mill. kroner i 2015. Dette etter at kommunen kunne inntektsføre 92,6 mill. kroner i eit forlik med DnB for gjeld kommunen hadde til DnB etter Terra-saka. Det betyr at akkumulert underskot ved inngangen av 2016 blir 93 mill. kroner. Kommunen budsjetterer med ei inndecking over seks år, der budsjettert rest underskot pr. 31.12.2018 er sett til 43,4 mill. kroner.

I tillegg til underskotet etter Terra-saka har kommunen hatt store verditap på derivatavtalar inngått i 2006 og 2007. Desse avtalane vart kjent ulovlege i ein lovlegkontroll av Fylkesmannen i 2010. Pr. 31.12.2014 var negativ verdi (tap) på avtalane 121,5 mill. kroner, etter at kommunen utgiftsførte 45 mill. kroner i 2014. Same året fekk kommunen eit underskot på 25 mill. kroner.

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 65 33 02  
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:  
fmsfpost@fylkesmannen.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/sfj

Bremanger kommune grunnjev søknaden med at verditapa på derivatavtalane først vart ei sak (ikkje kjende) etter at kommunen fekk godkjent 10 år for inndecking av tap knytt til Terra-saka. Kommunen meiner difor at verditap på derivatavtalane må sjåast på som nye tap med lenger tid til inndecking.

Budsjettet for 2015 er ikkje godkjent av Fylkesmannen. Kommunen får difor ikkje ta opp nye lån til investeringar. Budsjettert låneopptak i 2015 er 41,2 mill. kroner, som i hovudsak vedkjem fullføring av nytt omsorgssenter i Svelgen. Omsorgssenteret er og finansiert med tilskot frå Husbanken på 80,2 mill. kroner, som kjem til utbetaling ved fullføring og godkjenning. Inntil kommunen får godkjent låneopptak, må driftslikviditet nyttast som finansiering. Dette betyr at kommunen kjem i ein vanskeleg likviditetssituasjon. Eit oversyn frå kommunen viser at dei har likviditet til drifta fram til juni/juli 2016.

I 2008 hadde kommunen eigedomsskatt på verk og bruk. Kommunen vedtok i økonomiplanen 2009 – 2012 innføring av eigedomsskatt i heile kommunen frå 2010, med ein årleg inntektsauke på 5,1 mill. kroner. Dette vart ikkje gjennomført, men kommunen innførte eigedomsskatt på næringsbygg frå 2011. Seinare er det gjort fleire vedtak i økonomiplanar for innføring av eigedomsskatt på bustad og fritidseigedomar, men først no i 2016-budsjettet er det gjort vedtak om utskrivning av eigedomsskatt på bustad og fritidseigedomar. Kommunen gjennomførte større utgiftsreducerande tiltak for drifta i 2008 og 2009. Overordna analyser etter 2014 rekneskapen viser m.a. at kommunen ligg over landgjennomsnittet i ressursbruk for tenesteområda grunnskule og pleie- og omsorg, særleg er det ein auke frå 2013 til 2014.

Kommunen er i fleire rettstvistar knytt til Terra-saka og derivatavtalane. Det er rekna med at tvistane kjem til avgjerder i næraste framtid. Høgsterett skal handsame rettstvisten om derivatavtalane medio februar.

### **Fylkesmannen si vurdering**

Bremanger kommune har hatt ein vanskeleg økonomisk situasjon gjennom store utgiftsførte tap i 2008-09 etter Terra-saka. I tillegg har kommunen hatt store verditap på derivatavtalar inngått i 2006 og 2007.

Etter at tapa i Terra-saka vart avklara, burde kommunestyret gjort vedtak om innføring av eigedomsskatt i heile kommunen. Dette vart endå meir gjeldande når verditapa på derivatavtalane vart kjende i 2010. Overordna analyser om ressursbruken for administrasjon og tenester viser at kommunen har moglegheiter til innsparingar.

Fylkesmannen har fleire gonger, både i budsjettbrev og i møte med kommuneleiinga, påpeikt at Bremanger kommune burde gjennomføre tiltak for å auke inntekter og redusere utgiftene. Kommunestyret har ikkje følgt opp dette tilstrekkeleg.

Dersom kommunen skal dekkje eit underskot på 93 mill. kroner over 3 år, får det store konsekvensar for omfang og kvalitet på tenester til innbyggjarane. Kommunen har likevel eit ansvar for at innbyggjarane får tenester innanfor fastlagde standardarar med grunnlag i lover og forskrifter.

Dersom det skulle ta lenger tid før kommunen får godkjent budsjett med nye låneopptak, får kommunen utfordringar med likviditeten etter 1. halvår. Det betyr at kommunen innan 01.07.2016 må ha eit godkjent budsjett og handlingsplan for 2015 – 2018.

Kommunelova set klare grenser for kor lang tid kommunane kan bruke til å dekkje eit underskot. Fylkesmannen kan godkjenne inntil fire år og departementet inntil 10 år. Utover dette må det til ei endring av kommunelova.

Når det gjeld bokførte verditap på derivatavtalar, vurderer Fylkesmannen dette som utgifter i rekneskapen og ikkje særskilde nye underskot. Kommunen hadde underskot i 2014, og departementet må vurdere om dette skal handsamast særskilt. Men dersom dei store tapa til Bremanger kommune hadde vore kjende då kommunelova vart endra til 10 år for inndekning av underskot, burde det vore med i vurderinga på fastsetjing av maksimal tid til inndekning av underskot i kommunane.

**Tilråding**

Med grunnlag i den vanskelege økonomiske situasjonen til Bremanger kommune og at det kan få uføresette konsekvensar for lovpålagde tenester til innbyggjarane, ber Fylkesmannen departementet vurdere om det er grunnlag for endring av maksimal tid for inndekning av underskot.

Med helsing

Anne Karin Hamre

Kåre Træen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.*

Vedlegg:

- Bremanger kommune – økonomirapport 1/2015 – justering av årsbudsjett og handlingsplan med søknad om tre år lenger tid til å dekkje inn underskot
- Referat frå møte mellom Fylkesmannen og Bremanger kommune 25.01.2016

Kopi til: Bremanger kommune  
Kryss-revisjon (pr. e-post)